

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 20.08. 2012  
 Frå: **Administrerende direktør**  
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**  
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 10.06.12 – 19.08.2012**

**Administrerende direktør si orientering pkt 3**

**Styresak 086/12 0**

**Styremøte 05.09. 2012**

## Oversikt over aktuelle nye lover i perioden 10.06.12 – 19.08.2012

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om endringar i helseregisterlova mv. (oppretting av nasjonal kjernejournal)	22.06.12	Lovendinga gir mellom anna lovheimel for oppretting av nasjonal kjernejournal. Nærare føringar for innhald, tilgang og pasientane sine rettar skal gjevast i forskrift. I tillegg blir § 3-3, 2. ledd i spesialisthelsetenestelova endra og meldingar om «betydelig personskaade» skal frå 1. juli 2012 sendast til Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten. Formålet med meldeplikten er å betre pasienttryggleiken og meldingane skal ikkje lenger ha direkte personidentifiserande opplysningar.
Lov om endringar i helseregisterlova mv. (etablering av Norsk helsearkiv m.m.)	22.06.12	Lovheimel for etablering av Helsearkivregisteret i Norsk helsearkiv. Helsearkivregisteret er eit sentralt helseregister med personidentifiserbar pasientdokumentasjon avlevert til Norsk helsearkiv mellom anna frå spesialisthelsetenesta. Nærare føringar for Helsearkivregisteret kan gjevast i forskrift.
Lov om endringar i psykisk helsevernlova (regionale sikkerheitsavdelingar og eining med særleg høgt sikkerheitsnivå m.m.)	22.06.12	Psykisk helsevernlova får med dette eit nytt kapittel 4 A «Sikkerhetstiltak i regionale sikkerhetsavdelingar og i eining med særleg høyt sikkerheitsnivå».  Lovendingane skal styrkje tryggleiken rundt ei lita gruppe særleg farlege pasientar og blei sett i verk 1. juli i år. Reglane opnar for ulike tiltak for å betre tryggleiken i regionale tryggleiksavdelingar, gjev heimel for etablering av ei eining med særleg høgt tryggleiksnivå og ei nasjonal koordineringseining som skal halde oversikt over personar som er dømde til tvungent psykisk helsevern.

## Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 10.06.12 -19.08.2012

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Endring av Forskrift om innsamling	12.06.12	Endringane i forskrifta blei sett i verk 1. juli

<p>og behandling av helseopplysninger i Norsk overvåkingssystem for infeksjoner i sykehustjenesten (NOIS-registerforskriften)</p>		<p>2012. Forskriften har endra namn til: «Forskrift om Norsk overvåkingssystem for antibiotikabruk og helsetjenesteassosierte infeksjoner (NOIS-registerforskriften)».</p> <p>Bruken av antibiotika kan no overvakast i sjukehus og sjukeheimar uavhengig av indikasjonen for behandlinga. Innsamling av opplysningar skal skje på ein slik måte at ein kan knyte bruken av antibiotika til indikasjonen for behandlinga. Det vil såleis bli lettare å vurdere om antibiotika blir brukt i høve til sjukehuset sine retningslinjer.</p> <p>Folkehelseinstituttet skal sørge for regelmessig rapportering tilbake til dei aktuelle delane av helsetenesta om førekomsten av antibiotikabruk og infeksjonar som oppstår som følgje av opphald/behandling i sjukehus eller sjukeheim.</p>
---	--	--

**Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 10.06.12 – 19.08.2012**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Tillegg til oppdragsdokumentet for 2012, punkt 8.1. Forsking.	20.06.12	Brevet inneheld nærare spesifisering av oppdrag knytt til revidering av instruks for samarbeid med universitet og høgskular.
Oppdragsdokument 2012 – tilleggskokument etter Stortingets behandling av Prop. 111 S (2011-2012).		<p>I brevet er det understreka at dei regionale helseføretaka, innanfor dei rammer som er stilt til rådvelde, må innretta seg slik at målet om at gjennomsnittleg ventetid skal vere ned mot 65 dagar blir nådd.</p> <p>Det blir vidare orientert om endringar i forhold til oppdragsdokumentet kap 4 Tildeling av midler og om at eventuelle ubrukte midlar til å etablere øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunane vil bli tilbakeført regionale helseføretak etter same nøkkel som midlane blei trekt ut.</p>